



Det møtte 8 menn til øvinga ikveld og det var dirigent Maria Malmsten fornøgd med.

Røysterett for alle har ikveld hatt øving nummer 2 denne hausten og no som i mange år før er den sterke appellen: Skaff oss fleire menn! No ved sesongstarten er det 30 aktive songarar og koret tek imot så mange det kan få, helst tenorar men også bassar. Under den førre øvinga kom det gledeleg nok 2 nye - Eirik Sverdrup og Tor Ivar Hellesøy - men det stoppar forhåpentleg ikkje der.

Men eit anna aktuelt tema no ved sesongstarten er utenlandsturen til våren som denne gongen går til Amsterdam frå 30. april til 3. mai neste år.

Reisemålet er ikkje anna enn rett og rimeleg ettersom koret har hatt nederlandsk innslag dei siste 4 åra. Det er Liesje Croles, som sjølv sagt tek seg av guidinga. På få år har det Uskedalen-baserte koret vore i Latvia, Skottland og Italia.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten er godt fornøgd med frammøtet ikveld. Mennene er Tor Ivar Hellesøy og Haldor Tveit. Hellesøy er ny i koret